

Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa, Time kommune, Rogaland

Heimel: Fastsett av skulesjefen i Time kommune 10. november 2025 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 fjerde ledd og etter delegert mynde.

§ 1. Formål

Barn har rett og plikt til grunnskuleopplæring frå det året dei fyller seks år, til dei har avslutta 10. trinn. I Timeskulen arbeider me for at elevane skal ha eit godt fagleg og sosialt læringsutbytte. Ein føresetnad for dette er at fråværet er lågast mogleg, og at elevane ikkje tek permisjon frå opplæringa.

Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Hensikta med forskrifta er å laga reglar for kor lenge ein kan søka om permisjon frå opplæringa, kven som har mynde til å innvilga permisjon og kva vilkår som må vera oppfylt. Forskrifta gjeld ikkje lovfesta rett til permisjon for andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, jamfør [opplæringslova § 2-2](#) femte ledd.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld dei kommunale grunnskulane i Time kommune.

§ 3. Vilkår for permisjon frå grunnskuleopplæringa

Det er eit vilkår for å innvilga permisjon at eleven får ei samla sett forsvarleg opplæring. Om eleven får ei forsvarleg opplæring samla sett, må vurderast i kvar enkelt sak. Mellom anna må det vurderast:

- Om eleven har hatt permisjon tidlegare
- Om det blir gitt forsvarleg opplæring i permisjonstida
- Barnets beste og barnets meining om permisjonen, jf. [opplæringslova §10- 1](#), og [§10-2](#)

Det blir ikkje gitt permisjon i følgande periodar for elevar som skal ha:

- Nasjonale kartleggingsprøvar 1. og 3. klasse
- Nasjonale prøvar 5., 8. og 9. klasse
- Skriftleg og munnleg eksamen

§4. Lengde på permisjon

Elevar kan ikkje få permisjon i meir enn ti skuledagar innanfor eit skuleår.

For fråver utover ti skuledagar, blir eleven skriven ut av skulen. Når eleven kjem tilbake, blir eleven meldt inn igjen på skulen på vanleg måte. Viss det er ledig kapasitet, vil eleven få tilbake plass i si opprinnelege elevgruppe.

§5. Mynde til å gje permisjon

Kontaktlærer kan innvilga permisjon for inntil to skuledagar.

Rektor kan innvilga permisjon for inntil ti skuledagar. Kontaktlærer og rektor kan innvilga permisjon heilt eller delvis, eller gi avslag på søknaden om permisjon.

§6. Søknad

Føresette må søka skriftleg om permisjon for eleven enten til rektor eller kontaktlærer. Det er lengda på permisjonen som avgjer om ein skal søka til rektor eller kontaktlærer, jf. §5 i denne forskrifta.

Alle søknader om permisjon skal sendast ved å nytta skjema i Visma Flyt Skule, uavhengig permisjonslengd. Søknaden skal vera grunngjeven ut frå vilkåra i §3 i denne forskrifta. Føresette overtek opplæringsansvaret i permisjonstida.

Søknad om permisjon for meir enn to dagar skal sendast seinast ein månad før permisjonen tek til, med mindre søknaden gjeld upårekna hendingar. For kortare permisjon i inntil to dagar, skal søknaden sendast seinast tre dagar før permisjonen tek til.

§7. Forkorting av retten til eleven har til grunnskuleopplæring

Permisjon forkortar retten eleven har til grunnskuleopplæring. Eleven har difor ikkje rett på å få igjen tapt opplæring etter at permisjonen er avslutta. Dette gjeld også individuell tilrettelagd opplæring.

§8. Klage

Vedtak til ein søknad om permisjon er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og søkar kan klaga på vedtaket. Dersom rektor eller kontaktlærer opprettheld vedtaket, blir det sendt til Statsforvaltaren i Rogaland for endeleg avgjerd.

§9. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 10.11.2025.